

Sakspapir

Sakshandsamar	Arkiv	ArkivsakID
Sveinung Toft	FE-614, TI-&50	23/515

Saknr	Utval	Type	Dato
042/2023	Formannskapet	PS	05.06.2023
030/2023	Kommunestyret	PS	12.06.2023

Kjøp av eigedomen Matre 27

Vedlegg:

Journalposttittel

Salgsoppgave Matre 27

Dato

23.05.2023

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av eigedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet

Saksopplysningar:

Bakgrunn og fakta:

Eviny AS tok kontakt med kommunen fredag 12 mai og fortalde at dei no hadde eigedomen Matre 27, gnr. 49 bnr. 98 ute på sal. Dei ga til kjenne at kommunen kunne få overta eigedomen til ein fornuftig/ låg pris. På bakgrunn av dette, og etter samtaler med andre medlemmer i formannskapet (dei som var tilgjengeleg på telefon) valde ordførar å gje eit bud på krone 1,5 million for eigedomen innanfor fristen. Kommunen fekk deretter tilslaget per telefon av meklar frå selskapet Eiendomsmegler Vest.

Bygningen har eit bruttoareal på 510 m², tomta er på 1518 m² og byggjeåret er 1954. Prisantydninga i salsoppgåva var på krone 5.750.000,-, og planteikningane viser at bygget er på tre etasjer, med stove, kjøkken, 14 soverom og kjellar med bod, lager og badstove m.m. Store deler av bygget vart rehabilitert i 1997/1998. Det går fram av salsoppgåva at bygningen treng maling og at balkongane på kvar side må rehabiliterast.

Vurdering

Administrasjonen meiner dette er eit god kjøp til ein god pris. Kjøpesummen på krone 1,5 million meiner ein at kommunen kan få igjen på fleire måtar om ein vel å leiga ut deler av bygget, eller om

ein vil nytta denne til andre føremål. Uansett er det viktig å få avklart kva bygningen skal nyttast til. Denne drøftinga treng administrasjonen litt meir tid på å få avklart, og ein ser for seg at eiga sak om dette kan koma etter sommarferien. Dersom kommunen ikkje hadde gjeve bud ville sannsynlegvis ikkje eigedomen vorte seld på ei stund, og det er usikkert kva som hadde skjedd med vedlikehaldet.

Denne saka handlar om å legitimere eit kjøp som vart gjort på hastefullmakt, og som kommunestyret må handsama i medhald av styringsreglementet. Rådmannen tilrår at kommunestyret godkjenner kjøpet, og at det vert teke med i vedtaket ei mindre investering knytt til skifting av balkongane og maling av bustaden på krone 300.000,-.

Konklusjon

Rådmannen rår til at kommunestyret godkjenner kjøpet av Matre 27 på krone 1.500.000,- og at ein samstundes løyver krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane på kvar side.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet.

Formannskapet - 042/2023

FS - behandling:

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak vart samrøystes tilrådd til kommunestyret.

FS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av eigedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet

Kommunestyret - 030/2023

KS - behandling:

Frode Langhelle (H) sa han var ugild i denne saka då han var tilsett i selskapet som sel bygget.

Kommunestyret samla seg om at Langhelle var ugild og han forlot møtet.

Saka vart drøfta.

Framlegg til vedtak frå formannskapet vart samrøystes (16 røyster) vedteke.

KS - vedtak:

Masfjorden kommunestyre godkjenner kjøpet av eigedomen Matre 27 på krone 1.500.000,- og løyver samstundes krone 300.000,- til maling av bygget og rehabilitering av balkongane.

Summen på krone 1.800.000,- vert å ta over disposisjonsfondet